

INGBJØRN STEEN
Kleivi 10

5730 Ulvik, 28. april 2017

Hordaland fylkeskommune
hfk@hfk.no
Granvin herad
postmottak@granvin.kommune.no
Voss kommune
postmottak@voss.kommune.no

BOMPENGE SVELGANE OG BOLSTAD TIMESREGEL

Underteikna har i e-post melding til voss@brotunnel.no teke opp tilhøvet med kort tid for innkrevjing av bompengar mellom bomstasjonane Svelgane og Bolstad.

Desse har vist meg vidare til Statens vegvesen, Vegdirektoratet, som igjen opplyser, at det må løysast lokalpolitisk og via Hordaland fylkeskommune. Vidare må Stortinget også vera samde og gjere sitt vedtak, før ei eventuell endring kan finna stad.

Denne form for sakshandsaming, kan ta pusten av nokon kvar, men det duger ikkje uprøvd.

Eg kan kort nevna at «Kvammapakko» har 1,5 times regel for passering mellom Urdanes og Steinsdalen.

Pr i dag er det 1 time før trafikantar vil verta kravd for 2 passeringar Rv 013 og Ev 016.

Når eg køyrer frå Bergen og heim til Ulvik, vil det gjerne vera behov for eit stopp på Voss, for nødvendig handel og gjerne også eit toalettbesøk.

Då synest timesregelen å vera i knappaste laget.

Det er ukjent for underteikna, korleis det vert for gravensarar, når de sler dykk saman med vossingane, eit stykke fram i tid.

Det vart ikkje plassert bomstasjon på Ev016 aust for Vangen, for at strendingane og hyttefolka i Myrkdalen, skulle sleppa å betala bompengar.

Eg vonar at aktuelle partar har forståing for problemstillinga og gjer vedtak om at timesregelen kan verta utvida til 2 timar.

Med helsing
Ingbjørn Steen